



KVINNHERAD
K O M M U N E

Politisk og administrativt sekretariat

Vår ref.: 2017/3724-27

Dato: 17.12.2020

Til: Grete Solheim

Frå: Bente Høyland

Særutskrift - Kraftutbygging - Onarheim kraftverk - Sunnhordland Kraftlag AS

Formannskapet hadde saka føre i møte 10.12.2020 som sak 2020/115.

Vedlagt følger utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

Saksbehandlar

2020/3419-1

Grete Solheim

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2020/115	Formannskapet	10.12.2020

Uttale til endra utbyggingsplanar Onarheim Kraftverk

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kvinnherad formannskap rår til å godkjenne dei omsøkte planendringane for Onarheim Kraftverk.

Behandling i Formannskapet den 10.12.2020

Inhabile: Gunnar Våge og Hege L. Røssland – begge styremedlem i Kvinnherad Energi.
Clara Hveem og Gaute Lund møtte som vara.

Marit Årthun sette fram KD si innstilling frå møte 15.10.20:

Kvinnherad formannskap rår frå å godkjenna dei omsøkte planendringane for Onarheim kraftverk då auka synlege inngrep vil redusera naturverdiane rundt elva endå meir.

RØYSTING: Marit Årthun sitt forslag fekk 6 røyster og vart vedteken.

KD si innstilling fekk 3 røyster og fall. (Hans Inge Myrvold, Clara Hveem og Leif Sverre Enes)

Vedtak frå Formannskapet den 10.12.2020

Kvinnherad formannskap rår frå å godkjenna dei omsøkte planendringane for Onarheim kraftverk då auka synlege inngrep vil redusera naturverdiane rundt elva endå meir.

Saksutgreiing:

Saka vart handsama i formannskapet 15.10.2020 sak 2020/95 med følgende vedtak:

Kvinnherad formannskap rår frå å godkjenna dei omsøkte planendringane for Onarheim kraftverk då auka synlege inngrep vil redusera naturverdiane rundt elva endå meir.

Saksutgreiing frå dette møte er kopiert inn nedst i saksutgreiing.

Det vart i formannskapet 12.11.20 diskutert om saka burde handsamast på nytt, då ein var kjent med at det var kome til nye opplysningar som ein ikkje meinte var tilstrekkeleg opplyst i

opphaveleg dokument. Kommunedirektøren meinte at dette kunne vere tilfelle og det blei avgjort at saka skulle leggest fram på ny.

Utbygging av Onarheim Kraftverk er eit samarbeid mellom Kvinnherad Energi, grunneigarane og SKL. Konesjon blei gitt 10.1.2019, vedtaket blei påklaga og nytt vedtak om tildeling av konsesjon blei gjort 19.5.2020.

Etter at vedtaket blei gjort i formannskapet er det kome til fleire saksopplysningar som burde vore utgreia i større grad i opphaveleg saksdokument. Det er særleg tre punkt som her blir meir utførleg skildra:

- Krav til tiltak i utbyggingsfase (drikkevatn forsyning)
- Den største aktøren i marknaden for retningsstyrt boring er konkurs
- Auka risiko ved borehol
 - Økonomisk
 - Miljømessig

For å imøtekomme innvendingar som blei gjort etter vedtak 10.1.2019 blei inntaket flytta nedanfor snaufjellområdet. Grunngevinga for borehol var såleis ikkje lenger til stades, men løysinga med borehol følgde med fordi den høyrde til opphaveleg søknad om konsesjon. Heile traséen ligg no i eit landskap tilsvarande den delen som allereie er konsesjonsgitt med nedgravd rørgate.

Borehol og krav til tiltak i utbyggingsfase (drikkevatn forsyning)

Husnes vassverk har i dag rett til å ta ut 60 l/s frå Hellelandselv, og forsyner om lag 7000 personar i området Husnes, Sunde Valen og Halsnøy. Vassverket tar vatn frå Hellelandselv og har vassinntak 10 høgdemeter nedstrøms planlagt kraftverk på kote 100. Kvinnherad kommune ynskjer på sikt å auka dette til 100 l/s for å sikra nok vatn til folketilvekst og framtidig utviding av forsyningsområdet til vassverket. Kvinnherad kommune krev at kraftverket til ei kvar tid slepp ut nok vatn til at vassverket kan halda oppe vassproduksjonen sin i samsvar med rettane sine. Heile utbygginga av kraftverket er i nedbørsfeltet til vassverket. Eventuelle ureiningar som følgje av utbygginga vil drenera til elva og dermed raskt nå inntaket til vassverket. Vassbehandlingsanlegget på Husnes vassverk er robust med tanke på endringar i råvasskvalitet, men potensielle hendingar under utbygginga kan i verste fall setta vassverket ut av drift i periodar. Vassverket har ikkje reservekjelde.

Me ser for oss nokre hendingar som kan føra til driftsproblem ved vassverket i utbyggingsfasen:

- Utslepp av drivstoff/oljer frå anleggsmaskinar og utstyr.
- Partikkelureining av elva som fører til grumsete vatn med høg turbiditet som følgje av gravearbeid og tunnelling nær elva. Dette kan i verste fall stansa vassbehandlingsanlegget ved vassverket.
- Kjemisk ureining av elva som følgje av sprenging og betongarbeid.

For å sikra kvaliteten på råvatnet i utbyggingsfasen må ein enten sørge for at alt påverka dreinsvatn ikkje kjem på elva, eller ein må leia råvatn forbi anleggsområdet til råvassinntaket. Kommunen ser det siste som det einaste realistiske tiltaket ved bruk av borehol. Med alternativ utan borehol, vil ein fjerna eit stort risikomoment for drikkevasskjelda, og ein kan gjera mindre situasjonsbestemte tiltak.

Tiltak som Kvinnherad kommune krev uansett val av løysing:

Det vil vera aktivitet i/nær elv der kraftverket skal plasserast. Ei eventuell forureining i dette området vil koma direkte inn i råvassinntaket til vassverket. Kommunen krev at det i anleggsperioden vert lagt midlertidig råvassleidning frå oppstrøms kraftstasjon til inntaket på vassverket. (ca 10 høgdemeter) Leidningen må vera lukka, og tilstrekkelig dimensjonert slik at ein har normal drikkevassproduksjon. Ved etablering av sperredam og lukehus må det på plass ei risikovurdering av aktiviteten, og lagast lokale tiltak for at ikkje elva skal verta ureina i anleggsperioden. Det viktig at Eining for Vatn og Avløp er med i vurderingane, og val av tiltak som tek i vare alle risikomoment.

Utan borehol:

Skal det etablerast borehol vil kommunen krevja at det i anleggsperioden vert lagt midlertidig råvassleidning frå oppstrøms anleggsområdet til inntaket på vassverket. Leidningen må vera lukka og trykkredusert. Den må vera tilstrekkelig dimensjonert slik at ein har normal drikkevassproduksjon. Utan borehol har ein eliminert den største kjelda (boreslam) som kan føra til stopp i drikkevassproduksjonen. På grunn av dette kan det mest kostbare tiltaket med omløpsleidning fjernast. Sjå punkt: økonomisk konsekvens. Det vil også verta vesentleg mindre helikopter transport utan borehol, då det er mange turar for etablering og fjerning av leidning.

Konkurs

Einaste og største tilbyder i Norge av retningsstyrt boring i dei dimensjonar som skal nyttast for Onarheim kraftverk er konkurs 2. november 2020

Den oppståtte konkursen skaper usikkerhet for bruk av denne teknologien. SKL trur at selskapet eller boreutstyret blir overtatt av nye aktørar, slik at teknologien blir tilgjengeleg og framover. Dersom dette skjer er det usikkerhet ved kostnaden for borehol. Lønnsemda må truleg aukast. Det kan skje ved auka pris og kutt i kostnader. Sistnemnte kan gi redusert kapasitet som gir lengre anleggsfase.

Utbygger ser det difor som sannsynleg at både kostnaden og anleggstida med borehol går opp, utan at dei pr. no kan talfeste dette. I konklusjonen nyttar ein difor tidligare kostnad både i høve til anleggstid og kostnad.

Miljørisko

Naturinngrepet er stort ved etablering av borehol. Det innebærer støyping av inntak i betong i elva, samt anleggsvirksomhet både ved inntak og langs heile nedre del av elva for å etablere «bypassen».

Ved å forlenge røygata heilt opp til inntaket, kan traséen nyttast som midlertidig anleggsvei i anleggsfasen. Det gjør til at all transport av betong og utstyr til inntaket bli transportert med bil. Behovet for helikoptertransport til inntaket fell såleis vekk.

Økonomi

Redusert utbyggingskostnad gjev betre økonomi for Kvinnherad kommune, grunneigarane og SKL. I forrige saksutgreiing hadde ein ikkje med kostnader for drikkevassforsyning, noko som fordyrar prosjektet med ytterlegare 2,8 millionar. Totale ekstrakostnader med borehol er no stipulert til 9,3 mill.

	Konsesjonsgitt alternativ [mill. kr]	Endringssøknad [mill. kr]	Endring
Prosjektkostnad	96,0	89,5	-7 %
Midlertidig drikkevannsforsyning	2,8	0	-100%
SUM	98,8	89,5	-9 %

Vedlegg: Høyringsskriv frå NVE, Vedtak frå OED i klagesak.

Saksutgreiing til formannskapet si behandling 15.10.2020

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunedirektøren rår til å godkjenne dei omsøkte planendringane for Onarheim Kraftverk.

Saksutgreiing:

Sunnhordland Kraftlag AS søkte i 2017 om løyve til bygging av Onarheim Kraftverk i Hellandselva.

Inntaket var opphæveleg planlagt på kote 459. I dei endra planane, som vart godkjend, vart inntaket flytta ned 24 moh til kote 435. Dei øvste 435 m (av totalt 1600 m) var planlagt som borehol, og resten skulle gravast i røyr. Kraftverket ligg på kote 110. Innløpet er planlagt nedstrøms Bremstølvatnet. Tiltaket omfattar ingen reguleringar eller overføringar frå andre vassdrag. Tiltaket vart kostnadsrekna til kr 3,56 kr/kWh. Endringa vil redusere kostnaden til kr 3,31 kr/kWh (Tal oppgitt i 2017 kr)

Tilkomsten vert via eksisterande fylkesveg 48. Inntaket er planlagt etablert veglaust. Tiltaka vil gje ein årleg samla gevinst på 27 GWh etter godkjende planar.

Utbygginga vil skje i nedbørsområdet for inntaket til det kommunale Husnes Vassverk. NVE ga den 30.6.2017 kommunen konsesjon på regulering av Svartavatn med 22m for å sikre vassforsyninga til Husnes Vassverk. (Før den siste konsesjon var reguleringa på 7 m).

Vedtak frå Kommunestyret den 30.11.2017

1. Kvinnherad kommune rår til løyve for å byggja Onarheim kraftverk.

2. Dersom tiltaket får løyve må tekniske inngrep i øvre del av tiltaksområdet tilpassast landskapet i særleg grad.
3. Utbygginga vil kunne redusera levetilhøva for fossefall og vintererle. Avbøtande tiltak, som oppsetting av reirkassar og å ta vare på elvekant vegetasjon, kan kompensera for noko av dette og bør vera med i ein eventuell konsesjon.

NVE ga løyve til utbygging etter SKL sine reviderte planar den 10.1.2019.

Saka vart påklaga av Bergen og Hordaland Turlag, Forum for Natur og friluftsliv i Hordaland, Naturvernforbundet i Kvinnherad, Kvinnherad Turlag og grunneigar Trond- Arild Frøystein. NVE fann ikkje grunn til å endre sitt løyve og sende saka til OED for avgjerd

Klaga vart ikkje teken til følge og Olje-og energidepartementet ga SKL løyve til utbygging i skriv dagsett 19.5.2020.

SKL søker den 24.8.2020 om endringar i øvste del av vassvegen. Dei ønskjer å forlenge den nedgravne rørtraseen heilt opp til inntaket i staden for å etablere borehol.

Bakgrunnen for at dei i planla borehol i øvste delen av traseen var for å skåne fjellparti utan vegetasjon ved Bremstølen for irreversible inngrep. SKL fekk konsesjon etter alternativ 2 der inntaket vart flytta om lag 200 m ned i elva og ligg no i eit belte med meir vegetasjon. Graving og andre midlertidige inngrep kan revegeterast og tilbakeførast. Føremonene med borehol er i følge SKL sterkt redusert i høve til dei opphævelege planane.

Det er teknisk utfordrande å lage borehol, og tilhøva er etter deira syn gode for å grave ned røyra

Det vert og søkt om å forlenge den mellombelse anleggsvegen langs røyrkata heilt opp til inntaket. Det gir høve til å leggjar fiber og straumeforsyning til anlegget. I søknaden vart det planlagt med straumforsyning via solceller.

Utbygginga som dei har fått konsesjon til, krev mykje helikoptertransport. Med nedgravne røyr og bygging av midlertidig veg, vert det ikkje trong for helikoptertransport.

Dei meiner endra planar kan gje betre løysingar ved å redusere utsleppsrisiko, kortare anleggsperiode, lågare utbyggingskostnad og eit meir driftssikkert kraftverk.

Ulempene vert at dei nedgravne røyra vert meir synleg enn det eit borehol ville vore. Det gjeld for det meste anleggsfasen.

Permanent arealbruk aukar med 0,7 dekar grunna forlenging av rørtraseen.

Drikkevassfornyng og vassforsyning til Hydro Husnes: Søkjar meiner at endringa gir positiv utslag med omsyn til vassforsyning, då risiko for avrenning vert redusert.

Søknaden handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6. Søknaden med vedlegg er lagt ut på <https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak/?id=8535&type=V-1>
Høyringsfrist er sett til **30.10.2020**

Vurdering:

Føremoner:

- *Utbyggingskostnad vert redusert som vil føre til auka inntekter utbyggjar og grunneigarar*
- *Ingen helikoptertransport i samband med utbygging*
- *Høve til å leggje straumforsyning til inntaket. Det vil gje høve til eit driftssikkert kraftverk.*
- *Unngår inngrepet som eit påhogg til borehol vil utgjere*
- *Reduserer utsleppsrisiko i samband med vassforsyninga.*
- *Når SKL vil søka om å leggja røyrgate i dagen i staden for å driva tunnell så er det ein fordel for Kvinnherad kommune i samband med drift av Husnes Vassverk. Boreslam frå tunnelldringa kan skapa problem i drikkevassproduksjonen i anleggstida.*

Ulemper:

- *Endringane vil vere meir synleg i anleggsfasen og i mange år frametter*
- *Auka arealbruk*

Sjølv om inntaket vart flytta lenger ned i vassdraget, ligg det fortsatt i eit område med lite vegetasjon. I konsesjonen som er gitt, er det sett som vilkår at det i anleggsfasen ikkje vert ureining av drikkevatnet. Kommunedirektøren meiner at dei sparte kostnadene ved å unngå boreholet er små. Eit potensielt problem med å sikre drikkevatnet, skal uansett ivaretakast.

Kommunedirektør vil peike på at planendringane og argument burde vore belyst i høve til opphøveleg konsesjonshandsaming.

Økonomisk konsekvens av endringane:

Redusert inntektsskatt til kommunen, auka inntekt til utbyggjar og grunneigarar.

I kostnadskalkyle frå SKL er dei sparte kostnadane oppgitt til å vere kr 6,5 mill. eks. mva.

Me gjer merksam på at Kvinnherad kommune gjennom Kvinnherad Energi er ein avtalepart i høve til utbygging saman med SKL i følgje avtale frå 2017, med bakgrunn i avtale frå 2005 om utbygging av småkraftverk i Kvinnherad kommune.

Avtalen gjaldt felles utvikling og planlegging av kraftverk i Hellandsvassdraget. Denne avtalen er det ikkje teke omsyn til i samband med vurderingane av konsesjonssøknad eller søknad om konsesjonsendringar som no ligg føre

Miljømessig konsekvens:

Området er ein av dei viktigaste utfartsområda for regionsenteret Husnes, det er mykje brukt til rekreasjon og friluftsliv i dag og det er ønskeleg å utvikle området til dette formål i framtida.

Auka synleg inngrep vil vere negativ i høve til naturopplevinga.

KONKLUSJON

Kommunedirektør syner til opplysningane som ligg føre og har vurdert dei samfunnsmessige føremonene større enn ulempene og rår til godkjenning av endringane.

Vedlegg: Høyringsskriv frå NVE, Vedtak frå OED i klagesak.

